

REFERAT MØTE I VASSOMRÅDE YTRE SOGN 11. FEBRUAR 2011

Til stades:

Sektormyndigheter:

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Merete Farstad
- Fylkesmannen Sogn og Fjordane - John Anton Gladsø
- Fylkesmannen Sogn og Fjordane – Gunn Helen Henne
- Fylkesmannen Sogn og Fjordane - Truls Folkestad Hansen
- NVE – Siss May Edvardsen
- Statens Vegvesen – Liv Janne Kvåle

Kommunar:

- Balestrand kommune - Arne Abrahamsen
- Hyllestad kommune – Trond H. Hansen
- Vik kommune – Per Martin Berglund
- Vik kommune – Olav Turvoll
- Fjaler kommune – Knut David Hustveit
- Høyanger kommune - Ingebjørn Giil (møteleiar)
- Høyanger kommune - Olav Nordgulen
- Høyanger kommune - Aril Gjelsvik
- Høyanger kommune - Synne Nessestrand Vefring

Referat

Første del av møtet (del 1):

- Orientering frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkesmannen Sogn og Fjordane (miljøvernavingdelinga og landbruksavingdelinga) og NVE. Demonstrasjon av databasane vannett og vannmiljø.
- Presentasjonar vil bli gjort tilgjengleg på <http://www.vannportalen.no/sognogfjordane> under vassområde - Ytre Sogn

Andre del av møtet (del 2):

Viktigaste utfordringane i kommunane:

- Balestrand kommune:
 - Vetlefjorden vassdraget: Etter regulering av vassdraget steig temperaturen noko som førte til at laksebestande forsvann. I dag eksisterar det kunn sjøaure.
 - Vertskommune for damanlegg tilknytt Høyangervassdraget.
 - Småkraftverk – utbygging, blant anna i Kvamsøy og Sværefjorden.
 - Har elles ikkje store utfordringar. Eksisterar ikkje akvakultur eller industri av betydning i denne samanheng. Har heller ikkje utfordringar knytt til landbruk.

- Hyllestad kommune:
 - Har ein del vegstrekningar som kryssar vassområde (drikkevasskjelder). Her er det mykje trafikk av farleg gods.
 - Auka turisme på sjø i form av båtferdsel/cruiseskip
- Høyanger kommune:
 - Vasskraft, regulerte vassdrag og miljøutfordringar knytt til effektkøyring og justering av vasstand over kort tid.
 - Industri og utslepp til fjordar. Spesielt Høyangsfjorden (historisk industriaktivitet og gamle deponi), men også Vadheimsfjorden og Fuglesetfjorden.
 - Akvakultur og forvaltning av fjordområda. Berekraftig utvikling.
 - Forsuring av vassdrag og elvar.
 - Utslepp til vassdrag (Stordalen) som ein konsekvens av stort utbyggingspress m.o.t. fritidsbusetnad.

Organisering:

- Viktig at ein får til finansiering av prosjektleiar for å ha kompetanse og personellressursar til å gjennomføre arbeidet.
- Finansiering, både når det gjeld gjennomføring av tiltak og tilsetting av prosjektleiar, bør /må det bli eit spleiselag mellom dei aktuelle kommunane, sektormyndigheiter og Fylkeskommunen.
- Eit aktuelt prinsipp når det gjeld finansiering frå kommunane er at ein gir eit tilskot pr. innbyggjar.
- Sjølve organiseringa av arbeidet vil bli definert i prosjektplanen når omfang og rammer for arbeidet blir tydelegare definert. Det er viktig at organiseringa ikkje blir for omfattande, men at ein opnar for ein open og brei prosess der ulike aktørar deltek.

Prosjektplan:

- Vertskommunen får ansvar for å utarbeide prosjektplan.

Val av vertskommune:

- Høyanger kommune vert vald til vertskommune. Dette med bakgrunn i moglegheita for å kombinere ein ev. prosjektleiarstilling med stilling som miljøvernleiar. I tillegg blir det sett som fordelaktig at vertskommune er samlokalisert med leiar for vassregionutvalet (Kjartan Longva). Ein tek atterhald om at finansiering av prosjektleiar kjem på plass.

Val av representant i arbeidsutvalet til vassregionutvalet:

- Framtidig prosjektleiar representerar vassområdet Ytre Sogn i arbeideutvalet til vassregionutvalet.
- Synne Nessestrand Vefring vert midlertidig valt til representant for vassområde Ytre Sogn i arbeideutvalet til vassregionutvalet.
- Olav Nordgulen vert midlertidig valt til vararepresentant for vassområde Ytre Sogn i arbeideutvalet til vassregionutvalet.

Anna:

- Vassområdet Ytre Sogn sluttar seg til høyringsuttale for vassregionutvalet Glomma/Indre Oslofjord.